

Radøy kommune
Drift og forvaltning
Radøyvegen 1690
5936 Manger.

**Deres ref: Einar Færø. Sak 16/1708 Gbnr.28/80 Kvalheim nedre, Radøytunet.
Mellombels asylmottak, søknad om auka utsleppsløyve.**

Lindås Rør & Sanitær AS har fått i oppdrag frå Radøytunet AS ved Bjørn Tore Vågenes og Sjø på kva han kan gjera for og få løyve for ekstra utslepp i forbindelse med mellombels Asylmottak på Radøytunet.

Dei har i dag eit godkjent utslepp for 75 pe med ein 23m² septiktank med tømning 2 ganger pr.år. Utsleppet frå septiktanken går i dag gjennom ein 110mm pe 50 – pn6 ledning til - 20m i sjøen. Denne utsleppsledningen er rikeleg stor for dette utsleppet. Dette i følgje dei godkjente planane med tegninger som ligg i dag.

At det er utført omtrent slik kan me sjå heilt fram til ledningen går ut i sjøen, så ein må derfor gå ut i frå at resten ut i sjøen også er utført etter dei planer som ligg der.

Dersom kommunen vil ha dette dokumentert, kan me leiga inn dykkerfirma for og få dette bekrefte både visuelt og med video av sjøledningen.

Det som er vorte forespeila for oss, er auke i utsleppet til 170 pe for eit mellombels Asylmottak.

Dersom det hadde vore eit permanent Asylmottak det var snakk om, måtte dei nok ha auka størrelsen på septiktanken frå 23m³ til 37,2 m³ med tømning 2 ganger kvart år.

Eller til 58,4m³ med tømning 1 gang kvart år. Sjø vedlagte utrekninger får Bia Miljø AS.

Men sidan det her er snakk om eit mellombels Asylmottak for 1 eller kanskje 2 år virker dette som ei uforholdsmessig dyr løysing i første omgang.

Me vil derfor på vegne av Radøytunet AS, søkja om at deifår eit mellombels utsleppsløyve for 170pe med bruk av eksisterande septiktank på 23m³ med tømning 6 ganger pr.år.

Me trur dette vil vera ei god løysing i 1 eller 2 år framover, til ein ser korleis behovet vert.

Dersom det etter eventuelt 2 år viser seg og verta eit permanent Asylmottak, må så Radøytunet ta kostnaden med og skifta ut den eksisterande septiktanken med ein som er stor nok etter dagens krav, og til den mengde pe som då vil synest passeleg for det eventuelt permanente Asylmottaket.

Vedlegg: Dokumentasjon av dagens utførelse av utsleppet med godkjente utleppsløyve.

Dokumentasjon av septiktankstørresler ved forskjellige tømmeffrekvenser,
frå 1gang pr. år til 6 ganger pr.år.

Lindås Rør & Sanitær AS



LINDÅS RØR & SANITÆR AS
5914 ISDALSTØ
Tlf. 56 36 74 50

Leif Nævdal, tlf. 93400240